



PETROLEUMSTILSYNET

**A/S Norske Shell**

Postboks 40

4098 Tananger

Vår sakshandsamar  
Trond Sundby

Dykkar ref.  
PT2011\_3

Vår ref. (ved svar)  
Ptil 2020/1229/TES

Dato  
20.10.2020

**Rapport etter Tilsyn med drift og vedlikehald av rørleidningar, undervassanlegg og landanlegg for Ormen Lange og Nyhamna (aktivitet 005209010)**

Vi gjennomførte eit tilsyn med Norske Shell med drift og vedlikehald av rørleidningar, undervassanlegg og landanlegg for Ormen Lange og Nyhamna 7.-10. september 2020. Tilsynet vart gjennomført ved hjelp av digitale løysingar (nettmøte) der gjennomføringsplanen vart noko justert til dette.

Vedlagd følgjer vår rapport.

Rapporten inneheld skildringar av påviste avvik, og vi ber selskapet gjere greie for korleis avvika vil bli handtert. Rapporten inneheld og observasjonar der det er potensial for forbetringar, og vi ber om dykkar vurdering av desse.

Vi ber om svar på dette brevet innan 16.11.2020. Vi ber og om at brevet og rapporten blir gjort kjend for dei tillitsvalde, inkludert verneomboda.

Ved faktafeil i rapporten, ber vi om at de tek kontakt innan ei veke etter dette brevet sin dato.

Rapporten vil bli publisert på nettstaden vår ei veke etter mottak av rapporten.

Med helsing

Odd Rune Skilbrei e.f.  
*tilsynsleiar*

Trond Sundby  
*sjefingeniør*

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Petroleumstilsynet og har difor ingen signatur*

Vedlegg: tilsynsrapport og deltakarliste

Kopi til:

AS Norske Shell, Nyhamna

Postboks 40

Tananger